

Til rådmannen

i Vaksdal kommune

Stamnes, 15. nov 2016

Frå Utdanningsforbundet

avd Stamnes

Uttale om oppveksttun på Stamnes skule.

Me lærarar er kritiske til den raske prosessen som er sett i gong med å laga eit oppveksttun innafor skulen sine areal både inne og ute.

Me ynskjer at prosessen med eit oppveksttun skal ha ein høyringsrunde, slik at alle får tid å uttala seg i denne saka. Det er altfor tidleg å gjera eit vedtak 12.des-16. Det er mange utfordringar som må løysast. Det er vanskeleg å forstå at investeringane kan gjerast innafor ei ramme på 4 mill. For å kunna gjera eit godt vedtak i saka, må ein få fram realistiske behov både hjå barnehagen og skulen. Ein må i tillegg ta hensyn til miljøretta helsevern.

Lærarane ynskjer å behalda innearealet og utforminga av landskap og klasserom tilnærma lik det me har i dag. Me treng plassen. Det er ikkje grupperom på skulen, og me er avhengige av ledige rom som me kan utføra nødvendig pedagogisk arbeid på. Me ser ikkje løysingar for barnehagen i bygget, slik det no er.

Det som me kallar landskapet ynskjer me ikkje å «mista». Her driv me eit variert pedagogisk arbeid. Me har ei proff scene der og permanent lys mot scena. Me har mange framföringar, rikskonsertar, arrangement frå den kulturelle skulesekken osb. Dette er og eit rom som bygdefolket set veldig stor pris på i mange samanhengar: konsertar, kulturskulearrangement, øvingar, julefest, bygdemøter, «nøytrale» møte med meir.

Me håpar at vedtaket om eit oppveksttun kan få ein heilt anna prosess. Viss dette vert ein ryddig prosess, kan bygging av eit oppveksttun på Stamnes skule verta ein suksess.

Barnehagen mister eit unikt område, og må nok gå ned på kvaliteten på uteområdet for å tilpassa seg eit oppveksttun på skuleområdet.

Måten denne saka har utvikla seg på, har ført til uro blant foreldra, elevane/barnehageborna og personalet.

Helsing

Utdanningsforbundet avd Stamnes

Arne Normann- Tillitsvalgt